



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Agneth Sofie Nyhammer	FE-440	21/487

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/21	Arbeidsmiljøutvalet	PS	11.11.2021

### Gjennomgang av avviksmeldingar om arbeidsmiljø i perioden 21.04.21 - 29.10.21

#### Vedlegg:

Rapport avviksmeldingar som gjeld arbeidsmiljø 21.04.21-29.10.21

#### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Fedje kommune har ei rutine for avviksregistrering vedteke 18.11.2011 og revidert i 2016 og 2019. Som ein del av oppfølgjinga skal AMU handsame innsamla statistikk over avviksmeldingar i Fedje kommune. Arbeidsmiljøutvalet kan be om å få meir informasjon og handsame enkeltavvik. I tråd med rutina skal avvika rapporterast til AMU på risikotal som gjeld tilsette/arbeidsmiljø (i motsetning til det som gjeld brukarar/teneste). Sjå vedlagte oversikt over avviksmeldingar i perioden 21.04.21 – 29.10.21.

Fedje kommune har saman med dei andre i kommunane i IKTNH kjøpt eit nytt kvalitetsstyringssystem frå Netpower. Dette innbefattar også eit elektronisk avviksmeldingssystem. Dette vil gjere det lettare for rådmannen og leiarane å halde kontinuerleg oversikt over avvikshandsaminga og internkontrollen, og vil gjere dei halvårlege rapportane til AMU enklare og noko annleis. Innføringa har vorte noko forseinka, men er forhåpentlegvis operativt frå februar 2022.

#### Vurdering

Det er svært ulikt kor aktivt einingane nyttar avviksmeldingar, og om dei systematisk vert lagt inn i websak og svart på skriftleg. Dei tilsette melder om mykje forskjellig, også ting som det ikkje er openbart at er avvik verken etter arbeidsmiljølov/forskrifter eller tenesterutinar. Men det har vore eit uttalt ynskje frå Fedje kommune å ha låg ”terskel” for å melde avvik – fordi for få meldingar er verre enn for mange. Den vedlagte rapporten tek i utgangspunkt i den klassifisering som meldar og nærmaste leiar har gjort i avviket – både i forhold til om det gjeld teneste (som ikkje skal til AMU) eller arbeidsmiljø, og vurderinga av konsekvens og kor sannsynleg det er at det vil skje igjen. Arbeidet med internkontroll er ein kontinuerleg prosess – både med forbeting av tenester og arbeidsmiljø, men også med forbeting av sjølve internkontrollen og oppfølginga av denne. Me ser at nokre einingar nyttar det svært aktivt, som pleie og omsorg. Eit av områda som vil verte betre med nytt kvalitetsstyringssystem, er rådmannen sin moglegheit for jamleg oppfølging og oversikt, også over tenesteavvik.



Avviksrapporten viser ingen alvorleg svikt i arbeidsmiljøet som ikkje er handtert og lukka i perioden.

### **Forslag til vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå 21.04.21 – 29.10.21 til orientering.

### **Arbeidsmiljøutvalet - 009/21**

### **AMU - behandling:**

### **AMU - vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå 21.04.21 – 29.10.21 til orientering.

Samrøystes.